



# Møtereferat

23/52254

## Tema:

Referat frå møte i skoleutvalet 07.12.23

## Til stades:

Ingeborg Saltrø Polden - leiar elevråd, Simon Honnstad Iversen - elevråd  
John Henry Otnes - foreldreutvalet  
Silje Storsand Ustad - HR-sjef Pipelife, Mons Otnes - Kommunedirektør Rindal  
Erik Erland Halle - Utdanningsforbundet  
Hilde Andersen - rektor

## Blir også sendt:

## Stad og tid:

Surnadal vgs, torsdag 07.12.23 kl. 13:45 – 15:00

## Referent:

Hilde Andersen

## Neste møte:

16. januar -24, kl. 10:00 – 11:30

## Referat frå møte i skoleutvalet 07.12.23

Surnadal vgs

**Agenda:** Skolen sine tilbod - moglegheiter og utfordringar.

### Innleiing:

Gjennomgang og repetisjon av status ved å vise til lysbileta som vart sendt ut før møtet. Møtet er ei forlenging av sist møte. Vi fekk da ikkje god nok tid til dialog om utfordringsbiletet.

## Tilbod, kapasitet og elevtal

Nivå	Utdanningsprog.	Programområde	Klasse	Klassar	Kapasitet	Elevtal
Vg1	BA	Bygg- og anleggsteknikk	1BA	1	14	14
Vg1	EL	Elektro og datateknologi	1EL	1	14	13
Vg1	HO	Helse- og oppvekstfag	1HO	1	15	12
Vg1	ST	Studiespesialisering	1ST	1	28	27
Vg1	TOF	Teknologi- og industrifag	1TIF	1	14	10
Vg2	BA	Tømrar	2TØ	1	14	8
Vg2	EL	Automatisering	2AU	1	14	7
Vg2	HO	Helsefagarbeidarfag	2HE	0,5	7	7
Vg2	HO	Barne- og ungdomsarbeidarfag	2BU	0,5	7	6
Vg2	ST	Språk, samf, økonomi, realfag	2ST	1	28	34
Vg2	TIF	Industrieknologi	2IN	1	14	13
Vg3	EL	Automatiseringsfaget	3AU	1	14	10
Vg3	ST	Språk, samf, økonomi, realfag	3ST	1	30	26
Vg3	ST	Påbygg til gen. yrkes- og studiekomp.	3PB	1	28	5
				<b>13</b>	<b>241</b>	<b>192</b>

Skolen har i dag 5 utdanningstilbod fordelt på 13 klassar. Vi har kapasitet til 241 elevar, men har per i dag 192 elevar, 35 av desse frå Trøndelag. Takka vere Trøndelagsavtalen kan ungdom frå gamle Halsa og Rindal søkje seg til Surnadal vgs, som for mange er den naturlege bo- og arbeidsregionen. Denne avtalen er derfor viktig for regionen. Skolen si utfordring er at elevtalet går ned pga. låge fødselstal. Dette gjer at det er vanskeleg å fylle klassane, noko som vidare kan føre til at vi mistar tilbod og klassar.

## Budsjett

Budsjett - ramme 23	
2024	??
2023	27,9 mill.
2022	27,5 mill.
2021	28,4 mill.
2020	31,3 mill.
2019	30,9 mill.

### Gjeldande budsjettmodell:

- Basert på klassetal
- Detaljerte budsjettpostar

### Ny budsjettmodell frå 01.01.24:

- Pedagogisk ressurs basert på elev- og klassetal (lik vektning)
- Få budsjettpostar elles - 10% grunnressurs

Korleis budsjett 2024 blir er avhengig av dei økonomiske rammene som blir vedteke i Fylkestinget 11. – 13. desember -23.



### Skolen sitt budsjett

har til no i hovudsak vore styrt av klassetal. Frå 2024 blir dette endra til å bli styrt av klasse- og elevtal ( i tillegg til ein grunnressurs på 10% som grovt sett skal dekke det som ikkje er undervising). Elev- og klassesatsane blir sett med utgangspunkt i vedtekne politisk rammer.

Nærmore om budsjett 2024: Skolen har ei etterslep underskot frå 2023, prognose sett til om lag 2 mill. Økonomiplan for 24-27 og budsjett for 2024 behandlast i fylkestinget 11. – 13. des. Eit budsjettkutt på samla 288 mill. for heile fylkeskommunen.

## Ny opplæringslov frå august -24 gir nye mogleigheter

- Utvida rett til vidaregåande opplæring
- fullførings- og vaksenrett
- Utvida rett til omvalg
- Rett til yrkesfagleg rekvalifisering
- Opning for fjernundervisning, nettskole og vaksenopplæring
- Plikt til å legge til rette for god overgang frå grunnskole



Korleis utnytte dette handlingsrommet best mogleg?



Frå 2024 kjem det ny opplæringslov. Dette gir moglegheiter for skolen til å tenkjer nytt, med mål om å kunne oppretthalde breidda i utdanningstilbodet. Mellom anna opnast det for fjernundervisning, og det vil frå skoleeigar si side bli lagt til rette for nettskole og modulbasert vidaregåande opplæring for vaksne.

## Økonomi og moglegheiter

- Nedgang i elevtal
- Stort behov for arbeidskraft
- Endra behov for til arbeidskraft?
- Ny økonomimodell
- Nye moglegheiter i ny opplæringslov

Korleis oppretthalde den desentraliserte skolestrukturen vi har i dag?

Kva moglegheiter ser vi framover?



Mål:  
Breitt nok, tilpassa fag- og utdanningstilbod, som gjer at elevane kan bu heime lengst mogleg, kan ta reelle val, og som støttar opp om behova for arbeidskraft i regionen og landet elles.

Elevane ved Surnadal vidaregående skole skal fullføre, vera budde på det som kjem og mestre liva sine i medgang og motgang

Møre og Romsdal fylkeskommune

Eit viktig aspekt er behovet for arbeidskraft i næringslivet/samfunnslivet. Status her er at det er mangel på arbeidskraft innanfor dei fleste fagfelt. Vi «leverer» altså for få samanlikna med behovet. Det er også verd å ta med at den teknologiske utviklinga er rivande, dette påverkar kva type arbeidskraft det er behov for framover. Får å sørge for samanheng mellom skolen sine utdanningstilbod og næringslivet/samfunnslivet sine behov er det viktig med tett dialog mellom partane.

## Drøfting og innspel frå skoleutvalet, med utgangspunkt i innleiinga:

Møtet var nytta til dialog og drøfting knytt til fakta vist i lysbileta. Her følger ei oppsummering av aspekta som kom fram samla sett frå dei ulike representantane, i tilfeldig rekkefølge.

- Ein klasse med fem elevar er i minste laget. Dette er situasjonen i årets påbygg-klasse. Det vart stilt spørsmål om storleiken på klassen dei førre åra. Rektor svara ut at klassen har vore liten over fleire år.
- Dersom det må prioriterast oppstart av klassar bør ein prioritere vg1 først, vidare vg2 og vg3. Jo eldre elevane er, jo meir budde er dei på å flytte på hybel.
- Det vart foreslått at naboskolar må utfylle kvarandre og ev. samarbeide om fag, spesielt teorifag. Rektor orienterte om at det allereie er etablert ei fagsamarbeid på tvers av skolane som kan danne grunnlaget for dette.
- Søknadsfrist og teljedato bør ikkje gjelde for flyktningar, sidan dette er ei gruppe som sjølv ikkje bestemmer når det kjem til landet.
- Det vart ytra bekymring knytt til om det vil få konsekvensar for skolen sitt helse-oppvekstfagtilbod dersom påbygg ikkje blir starta. Kanskje vel elevane som har planer om påbygg da å ikkje starte på Surnadal vgs? Alternativt kan det vera at desse vel eit anna tilbod ved skolen. Vanskeleg å vita korleis det slår ut.

- Ein konsekvens av å starte små klassar er ofte at andre klassar/grupper då må slåast saman og bli store. Det vart ytra bekymring knytt til for store grupper, da dette kan gå ut over kvaliteten på tilbodet til desse elevane.
- Eit faktum og eit paradoks er at lokalt næringsliv er i beit for arbeidskraft. Skolen greier ikkje å levere/dekkje behovet.
- Næringslivet treng eit breitt spekter av arbeidskraft.
- Trøndelagsavtalen er utruleg viktig! Må arbeide for at denne, og at den ikkje treng å forhandlast kvart år.
- Ein ser eit stort behov for helsefagarbeidarar i samfunnet, lokalt og elles.
- Næringslivet treng både arbeidskraft med høgare utdanning og fagbrev. Eks treng Pipelife alt frå ingeniørar, økonomar til automatikkarar og produksjonsteknikarar. Dermed er både studiespesialisering og yrkesfag viktig.

#### Avslutningsvis

- Viktigheita av at skoleutvalet tek til orde for eit breitt utdanningstilbod ved skolen - i alle samanhengar
- Einige om at skoleutvalet kan påverke! Erfaringsmessig ser vi at næringslivet spesielt har ei sterk stemme - som ofte blir høyrt.
- Skoleutvalet er samde om at vi må tenkje nytt framover og vera endringsvillige, for å kunne bevare breidde i utdanningstilboden ved skolen.
- Viktig med tett dialog med samfunns- og næringslivet om kva som trengst av arbeidskraft.

Rektor sender lenke til vedtak i fylkestinget 11. – 13. desember så fort dette er klart.

referent

Hilde Andersen

rektor

Surnadal vgs